

Flott fjelldag for Uskedal skule.

13.09.2016



Dei yngste kosar seg på Storhaug.

Etter den til dels trasige sommaren vi har hatt, er det ekstra flott at skulane utnyttar dei fine dagane vi har no til uteaktivitetar. Uskedal skule har vore flinke til dette, og særleg har dei vore flinke til å ta elevane med på fine fjellturar. Flotte opplevingar som elevane tar med seg. Sist onsdag hadde dei ein ny flott fjelltur.



Finst det betre skuledagar enn fjellturar i strålande ver?

På den nydelege dagen gjekk turen oppover Halsane og innover fjellet, og målet var at alle skulle koma til Storhaug. Det klarte alle med glans, til og med dei yngste som var på sin første skuletur. På heimesida til skulen fortel dei om den særdeles vellukka fjellturen. Dei har også mange fine bilete.

Det er veldig kjekt å lesa om den fine turopplevinga som alle hadde. Nokre stoppa på Storhaug, andre gjekk til Solfjell medan ei gruppe gjekk til Mannsvatnet der nokre viste at dei hadde god fiskelukke. Ekstra kjekt var det å lesa om kor flinke dei store elevane var til å hjelpa og oppmuntra dei minste.

De kan lesa den kjekke reportasjen ved å gå inn på [heimesida til Uskedal skule](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå heimesida til Uskedal skule.